



SAMNANGER KOMMUNE
Ordførarkontor

Olje og energidep.

Vår referanse:
09/86/11/746/ORD/MAA

Arkivkode:
FA-T11

Dykkar referanse:

Dato:
20.02.2011

SIMA - SAMNANGER . HØYRINGSUTTALE FRÅ SAMNANGER KOMMUNE

Samnanger kommune viser til skriv frå Olje- og energidepartementet dagsett 4. februar 2011 med vedlagte rapportar der kommunen vert innbydd til å koma med høyringssvar innan 21.2.2011 kl 15.00. Det vert også vist til møte i Bergen 10.02.2011.

Samnanger kommune vil gje slik uttale.

Samnanger kommune ynskjer at krafilina Sima – Samnanger vert bygd etter dagens valde trasè med mogelege justeringar.

Samnanger kommunestyre sitt primære ynskje om leidningstrasè gjennom kommunen er innfridd med det valet som er gjort. Samnanger kommune held fast på dette standpunktet.

I Samnanger kommune er fleire småkraftprodusentar hindra for å starta utbygginga si pga. manglande nettkapasitet. Med den planlagte utbygginga vil m.a. trafokapasiteten i Børdalen auka, og ein viktig føresetnad for auka lokal produksjon vil vera på plass. Det hastar med å få opprusta transformatorkapasiteten i Børdal.

Med helsing

Marit A. Aase
Marit Aksnes Aase
ordfører